



Adresseliste

Vår dato: **19 NOV. 2012**  
Vår ref.: NVE 201205046-2 ki/baso  
Arkiv: 311 /059  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Bård Ottesen  
22 95 95 28

## **Frank Mohn AS – søknad om midlertidig senking av Storavatnet i Askøy kommune, Hordaland – offentlig høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Frank Mohn AS, datert 09.07.2012, om løyve til midlertidig senking av vasstanden i Storavatnet i Askøy kommune.

Frank Mohn AS søker om å senke Storavatnet med inntil 1,5 meter under normalvasstanden på om lag kote 8,75 for ein periode på inntil 2 år frå 1. kvartal 2013. Omsøkte tiltak har samanheng med vedteken reguleringsplan for Frank Mohn AS sitt nye industriområde i Florvågen i Askøy. For å sikre industriområdet mot flaumvatn skal eksisterande dam med tappeluker sikrast med betong, og det skal byggast ny dam med større flaumkapasitet ved utløp av Storavatn. For å gjennomføre betongarbeidet er det naudsynt å senke vasstanden. Normalvasstanden etter tiltak vil bli oppretthalde på dagens nivå, medan flaumvasstanden vil bli liggande lågare enn det som er tilfelle i dag.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Constructa Entreprenør AS v/Thor Småbrekke på tlf. 55 32 23 00 eller e-post: [post@constructa.no](mailto:post@constructa.no).

NVE ber Askøy kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på rådhuset i Askøy og på kundetorget ved Kleppstø fram til **21.12.2012**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Dette er søknad om eit midlertidig tiltak, og NVE ynskjer informasjon om forhold som tiltaket kan få negative følgjer for og forslag til avbøtande tiltak.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **21.12.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Med helsing

*Silje Aakre Solheim*  
for Gry Berg  
seksjonssjef

*Bård Ottesen*  
Bård Ottesen  
overingeniør

Vedlegg: Søknadar til kommunen – *vert sendt på konsulent*  
Kunngjeringstekst  
Adresseliste

Kopi u/ vedlegg: Constructa Entreprenør AS, Fjøsangerveien 50 C, 5059 Bergen  
Framo Florvåg, Florvågvegen 39, 5305 Florvåg

**Adresseliste for:** Søknad om midlertidig senking av Storavatnet i Askøy

**Handsamast etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i:** Askøyværingen

| Tal på søknadar | Namn/adresse                                               |
|-----------------|------------------------------------------------------------|
| 3               | Askøy kommune, Postboks 323, 5323 Kleppestø                |
|                 | Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen       |
|                 | Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen        |
|                 | Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger |
|                 | Bergen og omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 Bergen  |
|                 | Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 Bergen |
|                 | Askøy Jeger- og Fiskerforening, Postboks 79, 5305 Florvåg  |
|                 | Bergen Turlag, Tvergt. 4/6, 5017 Bergen                    |
| 1               | KM -Regionalt                                              |

## - KUNNGJERING -

### **Frank Mohn AS – søknad om løyve til midlertidig senking av vasstanden i Storavatnet i Askøy kommune**

NVE har motteke ein søknad frå Frank Mohn AS om løyve til senking av Storavatnet i Askøy kommune.

Frank Mohn AS søker om å senke Storavatnet med inntil 1,5 meter under normalvasstanden på om lag kote 8,75 for ein periode på inntil 2 år frå 1. kvartal 2013. Omsøkte tiltak har samanheng med vedteken reguleringsplan for Frank Mohn AS sitt nye industriområde i Florvågen på Askøy. For å sikre industriområdet mot flaumvatn skal eksisterande dam med tappeluker sikrast med betong, og det skal byggast ny dam med større flaumkapasitet ved utløp av Storavatn. For å gjennomføre betongarbeidet er det naudsynt å senke vasstanden. Normalvasstanden etter tiltak vil bli oppretthalde på dagens nivå, medan flaumvasstanden vil bli liggande lågare enn det som er tilfelle i dag.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset på Askøy og på kundetorget ved Kleppestø senter, og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Constructa Entreprenør AS v/Thor Småbrekke på tlf.: 55 32 23 00 eller e-post: [post@constructa.no](mailto:post@constructa.no).

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **21.12.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan nyttast til dette.